

Til kommunestyret i Modalen kommune

Modalen 05.12.2022

Nærskuleprinsippet blei innført for inntak av VG1 elevar skuleåret 2021/2022. Bakgrunnen for prinsippet var at elevane skulle få skuleplass i nærleiken av heimstaden sin. Slik me ser det, er det då tenkt at elevane skal ha moglegheit til å kunne bu heime, utan å få for lang reiseveg. Dette er eit godt prinsipp. Me ser likevel at dette slår svært negativt ut for ein utkantskommune som Modalen.

Modalen kommune heldt til i nærskuleområde 4: Nordhordaland. Dette resulterer i at våre nærskuler er Knarvik VGS og Austrheim VGS. Ein del av våre elevar har historisk sett søkt seg til Knarvik VGS, medan resten gjerne har søkt seg til Bergen eller Voss. Austrheim har på grunn av geografisk beliggenheit ikkje vore eit alternativ for våre elevar og difor ikkje vore eit reelt val. Modalen kommune sit difor igjen med eit skulevalg.

Mo skule har gjesteelevar frå både Alver kommune og Vaksdal kommune. Desse elevane har nærskule både til Voss, Osterøy og Bergen. Både Alver og Vaksdal har fått ekstra tildelingar som gjer at dei har større valgfriheit. Det er synlege ulikheiter i vår elevgruppe og dette blir oppfatta som urettferdig.

Dei aller fleste av våre elevar flyttar på hybel når dei byrjar på videregående skule. Det har vore avgjerande for skulevalget kvar eleven har nettverket sitt. Det er krevande for både elev og foresatte når ein 15-åring skal flytte for seg sjølv. Mange av elevane har gode nettverk i områda Bergen og Voss, og dette er då naturlege stader å busetje seg. Overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande er spesielt krevjande for våre elevar, då dei må flytte heimifrå. Dersom dei blir tvungen til å flytte til områder utan noko nettverk, er me redd for at det førar til einsemd og at dei i verste fall droppar ut.

Nærskuleprinsippet skal sikra elevar skuleplass i nærleiken av der dei bur. For små utkantskommunar som Modalen er ikkje dette mogeleg pga geografi. Slik nærskuleområda er delt inn gjev det elevane i Modalen i realiteten berre eitt val; Knarvik. Dette er ein vesentleg reduksjon i skuletilbodet til våre ungdommar og ein uheldig konsekvens av eit prinsipp som skal komma elevane til gode.

Me ynskjer at de ser på moglegheita for at elevar frå Modalen skal kunne få nærskulepoeng på Voss VGS, Voss gymnas og skulane i Bergen. Per i dag er det 55 elevar ved Mo skule (1-10 skule). I gjennomsnitt vil det då vere om lag 5 avgangselevar frå Mo skule per år. Dette vil ikkje utgjere særleg forskjell for desse områda, men vil utgjere ein vesentleg forskjell for våre elevar.

På vegne av foreldra

FAU ved Mo skule